

## **Kommunereforma – oversikt over kommunestyrevedtak november-desember 2015**

### **Aurland kommune:**

Saka vert utsett til møte i kommunestyret 4. februar 2016.

I tida fram til møtet 4. februar 2016 vert følgjande gjennomført:

- Melding til Sogn Regionråd om at Aurland ikkje tek del i drøftingane i januar 2016 om intensjonsavtale.
- Utgreiing om å halda fram som eigen kommune vert gjennomført med tidsramme 15. januar 2016.
- Sams formannskapsmøte Aurland – Vik – Voss vert gjennomført 25. januar 2016
- Informasjon til innbyggjarane om dei 3 alternativa, på kommunen si heimesida og folkemøte 27. januar 2016.

Telemarksforsking vert invitert til folkemøtet 27. januar 2016 for å presentera dei ulike alternativa og for å svara på spørsmål.

### **Balestrand kommune:**

#### **a) Alternativ til kommunesamanslåing**

Det vert opna for å utarbeide to likeverdige alternative framlegg til intensjonsavtalar. Balestrand kommune inviterer følgjande kommunar i arbeidet med å lage intensjonsavtalar for ein ny kommune:

1. Flest mogeleg av kommunane i alternativ 2 i Telemarksforsking si utgreiing, men minimum Leikanger og Sogndal.
2. Høyanger, eventuelt med tillegg av Hyllestad.
3. Innbyggjarinitiativ for Nesse krins blir behandla i eiga sak for kommunestyret og blir eventuelt kopla på den vidare prosessen.
4. Framhald som eigen kommune med noverande kommunegrenser er framleis eit alternativ.

#### **b) Forhandlingsutval**

Kommunestyret nemner opp eit forhandlingsutval med ordførar, varaordførar og leiar for opposisjonen. Tillitsvald blir representert med ein representant med talerett. Rådmannen vert sekretær. Forhandlingsutvalet vert gjeve dei nødvendige fullmakter til å forhandle på vegner av kommunen.

Frist for å forhandla fram intensjonsavtalane vert tilpassa felles framdriftsplan avgjort av Sogn regionråd. Forhandlingsutvalet skal ha overordna målsettingar frå styringsgruppa, samt innspel frå prosjektgruppa som utgangspunkt for sitt arbeid.

### **Leikanger kommune:**

1. Leikanger kommunestyre vedtek å invitere følgjande kommunar i arbeidet med å forhandle fram intensjonsavtalar for ein ny kommunestruktur der Leikanger kommune blir del av ein ny kommune.
  - ♦ Ein storkommune i Sogn med kommunane: Vik, Balestrand, Leikanger, Sogndal, Luster, Årdal, Lærdal og Aurland.

- ♦ Ein kommune bygd på bu- og arbeidsmarknad med kommunane: Luster, Sogndal, Leikanger, Balestrand og Vik.

Leikanger kommune vil drøfte intensjonsavtalar med alle dei kommunane i Sogn som ynskjer det.

Målet er å legge grunnlag for ein ny kommune som sikrar innbyggjarane eit godt og framtidsretta tenestetilbod, styrker samfunnsutviklinga og fremjar lokaldemokrati og deltaking.

2. Kommunestyret nemner opp følgjande medemar som skal representere Leikanger kommune i eit felles forhandlingsutval:

Ordførar, varaordførar og formannskapsmedlem Ole Simen Nesdal.

3. Eventuell representasjon av tillitsvald i forhandlingsutvalet blir avgjort etter nærmare avklaring med dei aktuelle kommunane
4. Rådmannen deltek som sekretær
5. Frist for å forhandle fram intensjonsavtalane blir tilpassa Sogn regionråd sine tidslinjer.
6. Intensjonsavtalane og utgreiingsarbeidet dannar grunnlag for ei folkerøysting som skal haldast inna utgangen av mai 2016.

#### **Luster kommune:**

Luster kommune meiner det er lite å henta på vera med på vidare drøftingar med nabokommunane om kommunereform. Luster kommune meiner kommunen samla sett er best tent med å halda fram som eigen kommune.

#### **Lærdal kommune:**

Lærdal kommune vil gå vidare med følgjande utgreiingsarbeide og intensjonsavtalar:

- Lærdal åleine
- Avtale med dei av desse kommunane som vil vera med i det vidare arbeidet: Vik, Balestrand, Leikanger, Sogndal, Luster, Årdal og Aurland
- Årdal og Aurland

Kommunestyre ynskjer ei utgreiing av konsekvensen av at Lærdal kommune blir ståande åleine. I tillegg ynskjer Lærdal kommune fortsatt at eit alternativ med ein kommune mellom Årdal/Aurland/Lærdal blir vurdert nærmare dersom ein ikkje kjem i mål med eit framlegg om ein intensjonsavtale for ein storkommune i regi av Sogn regionråd.

Kommunestyret nemner opp eit forhandlingsutval med ordførar og leiar for opposisjonen. Ein legg til grunn at kommunane har lik representasjon i forhandlingsutvalet.

Tillitsvald blir representert med ein representant med talerett. Rådmann deltek som sekretær. Kommunestyret legg følgjande til grunn for arbeidet i forhandlingsutvalet:

- legge grunnlag for ein ny kommune som styrkjar samfunnsutviklinga og fremjar lokaldemokrati og deltaking i alle bygder
- den nye kommunen skal sikra eit desentralisert tenestetilbod innafor skule, barnehage, helse og omsorg
- ved fordeling av oppgåver og funksjonar (lokalisering), legg ein til grunn ein funksjonsdelingsmodell der ein samlar oppgåver som naturleg høyrer saman, eller kan dra nytte av kvarandre, på ein stad

Frist for å forhandla fram intensjonsavtalane vert tilpassa Sogn regionråd sine tidslinjer

Intensjonsavtalane og utgreiingsarbeidet dannar grunnlag for ei folkerøysting som skal haldast innan utgangen av mai 2016.

### **Sogndal kommune:**

Kommunestyret handsama saka i møte 12.11.2015 sak 62/15, og gjorde slikt vedtak:

Kommunestyre inviterer følgjande kommunar i arbeidet med å laga intensjonsavtalar for ny kommune:

- ◆ ein kommune bygd på bu- og arbeidsmarknad: Balestrand kommune, Leikanger kommune og Luster kommune
- ◆ ein storkommune i Sogn: Balestrand kommune, Leikanger kommune, Luster kommune, Årdal kommune, Lærdal kommune, Aurland kommune og Vik kommune.

Sogndal kommune vil drøfte intensjonsavtalar med alle dei kommunane i Sogn som ønskjer det.

Kommunestyret nemner opp eit forhandlingsutval med ordførar, varaordførar og leiar for opposisjonen. Tillitsvald blir representert med ein representant med talerett. Rådmann deltek som sekretær. Frist for å forhandla fram intensjonsavtalane vert tilpassa Sogn regionråd sine tidslinjer.

Kommunestyret vil be forhandlingsutvalet å strekke seg langt for å kome fram til intensjonsavtalar som dei deltakande kommunane kan stille seg bak. Kommunestyret legg følgjande til grunn:

- visjonen for den nye kommunen bør knytast til vekst og utvikling i folketal og sysselsetjing i kommunen
- den nye kommunen bør sikra eit tenestetilbod innafor skule, barnehage, helse og omsorg for innbyggjarane der innbyggjarane bur
- omfanget av arbeidsplassar i alle kommunehusa bør sikrast gjennom ein funksjonsfordeling av dei administrative funksjonane
- regionsenteret vil vera det naturlege kommunesenteret, dvs. sete for ordførar, rådmann og kommunalsjefar.

Det vert gjennomført informasjonsmøte i løpet av januar.

### **Vik kommune:**

Vik kommune seier ja til å delta i forhandlingar om intensjonsavtale for ny kommune for desse alternativa:

- Ein kommune bygd på eit framtidig felles bu- og arbeidsområde for kommunane Aurland, Vik og Voss

- Ein storkommune i Sogn som omfattar kommunane i Sogn regionråd med unntak for Høyanger.
- Eit evt. anna alternativ som måtte bli aktuelt i Sogn.

Forhandlingsutvalet skal vera samansett av ordførar, varaordførar og ein frå opposisjonen. Tillitsvald blir representert med ein representant med talerett. Rådmannen deltek som sekretær. Samansetjinga av forhandlingsutvalet skal vurderast på nytt dersom andre kommunar set saman sine forhandlingsutval på annan måte enn det som no blir vedteke. Frist for å forhandla fram intensjonsavtalane for alle alternativa blir tilpassa det som blir bestemt i Sogn regionråd.

Etter at intensjonsavtalane er framforhandla skal det gjennomførast folkerøysting. Resultatet av folkerøystinga skal vera rådgjevande for kommunestyret når det skal gjerast endeleg vedtak i saka.

Kommunestyret vil be om at forhandlingsutvalet går inn i forhandlingane med det som utgangspunkt at det framleis skal vera arbeidsplassar i alle kommunehusa, og at dei administrative funksjonane bør sikrast gjennom ei funksjonsfordeling. Aktiviteten på dette området i Vik skal stimulerast gjennom å vera eit lokalt knutepunkt ved bruk av servicetorg, desentraliserte kommunehusfunksjonar og plassering av publikumsretta tenester som det er naturleg ligg desentralt.

### **Årdal kommune:**

1. Dersom Stortinget pålegg kommunane auka og endra oppgåveomfang som ikkje kan løysast av ein kommune på Årdal sin storleik, vil Årdal kommune vurdere desse alternativa.
  - a) Årdal åleine
  - b) Vik, Balestrand, Leikanger, Sogndal, Luster, Årdal, Lærdal og Aurland
  - c) Årdal, Lærdal og Aurland
2. Årdal kommune tek stilling til folkerøysting i samsvar med framdriftsplanen til Sogn regionråd, når alternativa er klårare, intensjonsavtala er klar, og i samråd med dei kommunane som på det tidspunktet er aktuelle alternativ.
3. Årdal kommunestyre meiner staten bør flytte meir avgjerdsmynde og oppgåveansvar nedover til fylker og kommunar uavhengig av kommunereforma sitt utfall. Dette er ein føresetnad for ein storkommune i Sogn.

Kommunane har over tid vist seg kompetente og robuste nok til å ta på seg nye oppgåver med dagens kommunestruktur.

4. Kommunestyret nemner opp eit forhandlingsutval med ordførar og leiar for opposisjonen. Tillitsvald blir representert med ein representant med talerett. Rådmann deltek som sekretær. Frist for å forhandla fram intensjonsavtalane vert tilpassa Sogn regionråd sine tidslinjer.